



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Jan Vidar Voster, 5557 2034

Vår dato
23.01.2017
Dykkar dato
29.12.2016

Vår referanse
2016/16604 421.3
Dykkar referanse

Tysnes kommune
Rådhuset
5685 Uggdal

Offentleg ettersyn - Planprogram - Tysnes - Kommuneplan - Rullering av samfunnsdel - 2016 - 2028

Vi viser til e-post av 29.12.16 og planprogram til rullering av kommuneplanen sin samfunnsdel 2016-2028 til offentlig ettersyn. Frist for uttale er sett til 09.02.17.

Samfunnsdelen er det overordna plandokumentet som skal liggja til grunn for både arealdelen og for verksemdsplanane til kommunen.

Framlegg til samfunnsdel i ny kommuneplan er lagt ut til offentlig ettersyn og sendt på høyring i samsvar med plan- og bygningslova (pbl.) § 11-14. Planen skal leggjast til grunn for kommunen sitt eige arbeid og for staten og regionale styresmakter sitt arbeid i kommunen.

Planprosessen knytt til samfunnsdelen til kommuneplanen er med på å stake ut kursen til Tysnes for åra som kjem. Samfunnsdelen er viktig som overordna styringsreiskap for kommunen som heilskap. Av den grunn er det viktig at satsingsområda i kommuneplanen vert følgt opp i sektorplanar, handlingsplanar og økonomiplanar.

Fylkesmannen skal sjå til at lover og forskrifter blir følgde og at statlege satsingsområde vert ivareteke på ein forsvarleg måte av kommunen. I kommuneplanprosessen skal fylkesmannen mellom anna bidra til at planen vert forankra til den statlege politikken. Som lokal planstyresmakt har kommunen ansvar for å ta omsyn til nasjonale og viktige regionale interesser i planlegginga, slik desse er uttrykt i stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer (RPR), rundskriv og fylkes(del)planar. Med dette som utgangspunkt skal kommunen utforme ein lokal politikk for m.a. arealbruk, landbruk, miljøvern, helse, oppvekst og samfunnstryggleik. I og med at Tysnes ønskjer å oppdatere fleire av arealdelplanane sine, har samfunnsdelen til kommuneplanen ei særstilling som fellesnemnar for desse planane.

Generelt synest planprogrammet å svara på dei utfordringane kommunen skildrar. Fylkesmannen ser også positivt på kommunen sitt initiativ til å styrke kommunen i arbeid og førebuing for nye moment som følgjer i samband med fastlandstilknytting av E39 og framtidig kommunestruktur ved å innlemme dette i samfunnsdelen.

Tema

Tema som vert teke opp i planprogrammet er alle relevante for diskusjon av samfunnsutviklinga. Samfunnsdelen skal på same tid diskutere både alle relevante aspekt ved utviklinga og så spisse dette mot prioriterte utfordringar og satsingar i perioden.

Kompetanse og arbeidskraft er eit tema også utover kommunal sektor. I kor stor grad kommunane vel å gripe tak i dette vil variere, men slik marknaden er no, er tilgang på arbeidskraft og kompetanse ein avgrensande faktor i høve til nyetableringar og vekst i næringsliv så vel som i offentleg sektor.

Landbruket har også ei viktig rolle både som næring og for kulturlandskap og effektar knytt til kultur, omdøme og tradisjon. “Inn på tunet” og andre liknande tiltak kan ha verknader for oppvekst, livskvalitet og folkehelse. Kommunen bør vurdere strategiar for landbruket både i høve til areal, næring, landskap og livskvalitet.

Utgreiingstrong

For vidare vurdering av utfordringar og utviklingsmogelegheiter kan det vere tenleg å definere nokre horisontar. Planen sin gyldigheitsperiode er ein ting, men når ein vurderer utviklinga kan det vere fornuftig å operere med lengre perspektiv på nokre område. Ei klargjering av kva tidsperspektiv ein opererer etter, gjer det lettare å avgjere kva som er relevante moment inn i planlegginga. I nokon grad vil dette også gjere utgreiingstrongen meir tydeleg.

Folkehelse

Levekårsutfordringar er eit viktig element i temaet om folkehelse. Om ein vel å gripe fatt i dette no eller ved neste rullering av planstrategien, må vurderast. For dette temaet kan det vere trong for utgreingar. I stor grad kan ein ta utgangspunkt i nasjonale (Folkehelseinstituttet) og regionale (Fylkeskommunen) analysar som eit grunnlag for å sjå om, og i så fall kor, det vil vere trong for ytterlegare analysar og utgreiingar.

Vi saknar ein klarare bruk av omgrep knytt til folkehelsearbeidet. Folkehelse er eit langt vidare omgrep enn det som ligg i helse og helsetenestene. Kommunen har, så langt vi kjenner til, ikkje innfridd kravet i folkehelselova om skriftleg oversikt over helsetilstanden i befolkninga og dei positive og negative faktorane som påverkar denne. Denne oversikta og analysen av den skal liggje til grunn for planstrategien og nyttast til å grunngi val av strategi og innsatsområde for eit helsefremjande samfunn i kommuneplanens samfunnsdel.

Vidare vil vi peike på at det er viktig at samfunnsdelen viser korleis ulike strategiar og mål peiker mot framtidig arealbruk. Måla for samfunnsdelen skal vera med på å gje føringar for arealbruken i kommunen. Det gjeld mellom anna for strategiar for ein inkluderande bustadpolitikk, ein strategi for å fremme fysisk aktivitet kvardagslivet, fremme av landbruk, til rettelegging for næring, reiseliv, osb.

I Hordaland har Regional plan for folkehelse 2014 – 2025 erstatta Fylkesdelplan for universell utforming 2006-2009 «*Deltaking for alle*».

Vi nyttar også høvet til å minne om at barn og unge er ei ueinsarta gruppe med stort spenn i interesser, både når det gjeld kva tilbod dei nyttar og kva dei har trong for. Ein bør søke å dekke inn heile denne gruppa i medverknadsprosessane.

Samfunnstryggleik og beredskap

Samfunnstryggleik har vorte eit stadig viktigare tema i all planlegging. Oppgåva består både i å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø og viktig infrastruktur, og å vere godt budd på krisesituasjonar mv. Kommunen skal i samfunnsdelen gjere greie for samanhengen

mellom heilskapleg ROS og ROS i arealplansamanheng. Kommunen bør skildre korleis arbeidet vert strukturert. Krise-, beredskaps- og sektorplanar skal og ivareta vidare ROS-arbeid. Kommuneplanen skal vere eit grunnlag for verksemda i kommunen og gje retningsliner for gjennomføring av kommunen sine mål og strategiar. Fylkesmannen meiner difor det er heilt naudsynt å ha med overordna mål for samfunnstryggleik og beredskap i samfunnsdelen til kommuneplanen. Slike mål bør omfatta både førebyggjande beredskapsarbeid og skadebøtande beredskapsarbeid. Utan mål for samfunnstryggleik og beredskap i dei overordna styringsdokumenta er det vanskeleg å få dette temaet inn i dei meir tiltaksretta styringsdokumenta som til dømes økonomiplan og verksemdplanar for dei ulike sektorane.

Fylkesmannen si vurdering er at samfunnsdelen ikkje skildrar dette arbeidet på ein utfyllande måte. Vi rår til at Tysnes synleggjer samfunnstryggleik og beredskap i vidare planlegging, og legg vekt på systematisk arbeid med ROS-analyser og beredskapsplanar.

Vi vil til slutt rå kommunen å ta i bruk rettleiaren T-1492, *Kommuneplanen – samfunnsdelen – handlingsdelen* i det vidare planarbeidet.

Oppsummering

Planprogram for samfunnsdelen av Kommuneplan 2016-2028 trekker opp særskilte tema til drøfting samt kommunen som samfunnsutviklar og organisasjon. Fylkesmannen har kome med nokre innspel til planprogrammet som vi meiner vil bidra til ein betre planlegging i samsvar med den nasjonale politikken. Vi vil særleg rette merksemd folkehelse og samfunnstryggleik som viktige tema i samfunnsdelen.

Vi ønskjer lykke til vidare med planprosessen.

Med helsing

Arve Meidell
seksjonsleiar

Jan Vidar Voster
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.